

Merknadar til kommunedelplan for oppvekst frå SU på Kløvheim skule.

Vi har i hovudsak tatt ugpkt. I kapitla 4.-7.

- Planen er omfattande og noko svevande. Den famnar om «alt» og det kan vere vanskeleg å trekkje ut det som er relevant. Planen kunne vore noko meir konkret.

-Planen understrekar at det er viktig med rett kompetanse på rett plass. Noko vi er heilt einig med. Samstundes er det viktig at Alver kommune satsar på rekruttering og på å halda på kvalifisert arbeidskraft innan oppvekst i kommunen. Kvalifisert arbeidskraft går der vilkåra er best, vi meiner at kommunen er tent med å ha ein plan for å sikre at meir attraktivt å jobbe i Alver enn andre stader.

-Sikring av skuleveggar er viktig å ha med i planen. Kven definerer kva som er farleg skuleveg? Kven kan ein kontakte og melde frå til på kommunen? Korleis gå fram? Mykingvegen vert nokre stader definert som særskild farleg skuleveg, og auka tungtrafikk og trafikk generelt krev at det vert tatt opp på nytt. Mange stader er vegen smal og uoversiktleg, har 80 sone, manglar vegskulder og veglys.

-Mentorordninga for nye rektorar er eit godt tiltak for å sikre ein god start i ein så viktig og krevjande jobb.

-Alver kommune sin økonomi er så trong at det er nødvendig med innsparingar og reduksjon i ulike sektorar og tenester. Korleis skal ein kunne gjennomføre intensjonane i planen om det vert gjort store nedskjeringar?

SU- Kløvheim skule